

BEREKRAFTSRAPPORT 2024

Vi bygg framtida saman

Gjennom berekraftrapporteringa gjer vi rede for korleis Åsen og Øvrelid Nordvest påverkar miljø, klima og lokalsamfunn



www.aasen-ovrelid.no



901 21 365



EI HISTORIE OM LOKAL FORANKRING OG INNOVASJON

I 2019 vart Åsen og Øvrelid Nordvest oppretta ut frå ein draum om å skapa noko unikt på Sunnmøre. Som eit dotterselskap av Åsen og Øvrelid AS i Førde, ønskte vi å byggja vidare på ei arv av kvalitet og pålitelegheit, men med ei lokal forankring som kunne gjera oss meir fleksible og nærverande.

Gjennom desse åra har vi gjennomført fleire store prosjekt som har sett sitt preg på lokalsamfunnet. Kolvikbakken ungdomsskule i Ålesund og Aure barneskule i Sykkylven er berre nokre døme på våre vellukka prosjekt. I 2025 vil vi fullføre bygginga av Osane Idrettshall, eit prosjekt som verkeleg viser vår evne til å levera kvalitet og samtidig med eit stort fokus på berekraft og miljø.



BYGGER FRAMTIDA SAMAN

Våre kjerneverdier er djupt forankra i alt vi gjer. Vi strevar etter å vera blant dei aller beste i vår bransje når det gjeld kvalitet, lønsemd og berekraft. Vi byggjer med stoltheit under mottoet "Bygger framtida saman", og vi er dedikerte til å støtta våre kundar i det grøne skiftet. Med to prosjekt under BREEAM-sertifisering, viser vi vårt engasjement for berekraft og miljøvenlege løysingar.

Åsen og Øvrelid Nordvest er meir enn berre ei bedrift. Vi er ein del av lokalsamfunnet, og vi er her for å byggja ei betre framtid for Sunnmøre. Vi ser fram til å fortsetja vår reise, alltid med fokus på kvalitet, innovasjon og berekraft.



VI FORPLIKTER OSS TIL Å JOBBE MED BEREKRAFT

Vårt overordna miljø- og berekraftsmål er å vere ein aktør som bidreg til ei positiv utvikling innan miljø og berekraft i byggebransjen. I vårt geografiske nedslagsfelt ønsker vi å vere ein leiande aktør innan berekraftige løysingar frå utvikling til ferdigstilling.

Åsen og Øvrelid Nordvest ønsker å forplikte seg til FN sine berekraftsmål, med fokus på dei 5 måla vi meiner er særleg relevante for å kunne bygge bygningar som komande generasjoner kan vere stolte av på Sunnmøre



KLIMA OG MILJØ

Bygg- og anleggssektoren stend ansvarleg for ein betydeleg andel av klimagassutsleppa i verda. Globalt sett er denne sektoren ansvarlig for omtrent 39 % av de totale klimagassutsleppa.

I Noreg stend bygg-, anleggs- og eigedomssektoren for rundt 16 % av dei totale klimagassutsleppa. Bransjen vår er storforbrukar av energi og naturressurser, og produserer mykje avfall.

hovedfokus for bedre klima og miljø

13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



9 INDUSTRI,
INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR




11 BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN





KILDESORTERING



Bransjesnitt for nybygg

Gjennomsnittleg avfallsgenerering i norske nybygg er ifølge SSB 50-56 kg/m²

Målsetning Åsen og Øvrelid


Åsen og Øvrelid har ei generell målsetning om å ikkje produsere meir avfall enn 30 kg/m² på våre nybygg.

Osane Idrettshall

Som ein av dei mest ambisiøse i bransjen har vi satt som mål å ikkje produsere meir en maksimalt **25 kg/m²** i på Osane Idrettshall. Dette er eit ambisøst poeng fra BREEAM-NOR som vi har jobba hardt med å oppnå



SORTERINGSGRAD AVFALL 2024



Restavfall 10,17 %

Kildesortert avfall
klargjort for gjenvinning i 2024/alle
prosjekt: 89,83%

Mål for Åsen og Øvrelid for 2024:
90 % sorteringsgrad

Anbefalt målsetjing for
bygggebransjeni Noreg:
Minst 80 % sorteringsgrad


REDUKSJON AV KLIMAGASS

I tråd med FNs berekraftsmål ønsker vi å bidra til å redusere klimagassutslepp.

På Osane Idretthall i Skarbøvika hadde vi ei målsetning om 30% reduksjon av klimagassutslepp.

Foreløpig rekneskap viser at vi ligg an til å klare **40% reduksjon av klimagassutslepp** på hovedprosjektet vårt i 2024.

Utrekninga er gjort i hht til metoden i BREEAM-NOR 6.0 og NS3720:2018. Utrekninga viser eit Globalt oppvarmingspotensial (incl. +A2) kg CO₂e pr år/pr. m² / BTA på 3,69 for Osane Idrettshall. Referansebygg "skole" frå BreeamNor 6.0 og TEK17/Statsbygg referansebygg gir eit utgangspunkt på 6,4 kg CO₂e./BTA



INNOVATIV OG FRAMTIDSRETTA

Vi har som målsetjing å vere innovative og framtidsretta:

Vi jobber kontinuerleg med å ta i bruk innovative løysingar og moderne byggjeteknikkar som forbetrar effektiviteten i byggeprosessen, reduserer kostnader og aukar holdbarheita til våre bygg.

Vi har som mål å bidra til at det blir bygd berekraftige byar og lokalsamfunn:

Vi planlegg bygg som er tilpassa og robuste nok til å tole klimaendringane i åra som kjem. Sikre at nye bygg og anlegg er bygd for å være enerieffektive og miljøvennlige.



**MÅL: Ingen avvik/uønska hendingar knytt til utslepp til ytre miljø.
2024: Ingen rapporterte hendingar.**



Planlegge bygg som er tilpassa og robuste nok til å tole klimaendringane i åra som kjem.



Klimaframskrivingane for Ålesund viser at temperaturen kan stige med mellom 2°C og 4°C innan midten av dette århundre. Når det gjeld nedbør, er det venta auke på mellom 10% og 20% i årleg nedbørsmengde



SOSIALE FORHOLD

Åsen og Øvrelid NV vil vere ein pådrivar for ein seriøs byggebransje. Alle som arbeider i våre prosjekt skal ha ein sikker og god arbeidsplass, anstendige betingelsar for arbeid og opplevelsen av å bli respektert og lytta til.

Det er veldig viktig for Åsen og Øvrelid NV at handtverkarar som utfører arbeid på våre prosjekt ikkje skal vere offer for sosial dumping, men jobbe under norske minimumssatsar for løns- og arbeidsvilkår.

hovedfokus for ei seriøs byggebransje



ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



Lønns- og arbeidsvilkår

Vi sørger for at alle våre
tilsette og alle som
arbeider i våre prosjekter
får rettferdig lønn og
gode arbeidsvilkår



Arbeidstid

Vi følger gjeldende
arbeidstidsbestemmelser
og unngår overtid som
kan gå ut over
arbeidstakar si helse



Diskriminering og trakassering

Vi har nulltoleranse for
diskriminering og
trakassering. Alle tilsette
har rett til å arbeide i eit
inkluderende og
respektfullt miljø, fritt for
diskriminering og
trakassering.



Mangfold og inkludering

Vi forpliktar oss til å
inkludere alle tilsette,
uansett bakgrunn.

KVINNER I BYGGENÆRINGA

Ifølge ein rapport fra Byggenæringens Landsforening (BNL) frå 2019, utgjer kvinner omlag 8 % av arbeidsstyrken i byggebransjen i Noreg

Dei siste 3 åra har vi lagt på snittet med 8 % kvinnelege ansatte – 2 kvinner av totalt 25 ansatte.

Vi har eit mål om å auke andel kvinnelege ansatte til 10% i 2025

2022: 8% kvinner

2023: 8% kvinner

2024: 8% kvinner

**Målsetting for 2025:
10% kvinner**



HMS

VÅRT OVERORDRNA HMS-MÅL ER : INGEN SKADER ELLER ULYKKER PÅ VÅRE BYGGEPLASSER

Vi jobbar aktivt for å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle våre tilsette og alle som arbeider på våre prosjekt. HMS er eit felles ansvar. Vi tilbyr jevnlig HMS-opplæring til alle ansatte, og sørger for at dei får tilstrekkelig kunnskap om krav etter arbeidsmiljøloven, utførelse av risikoanalyse i form av Sikker Jobb Analyse (SJA) og andre forebyggjande tiltak.

Systematisk rapportering og oppfølging av uønska hendelsar (RUH) er eit av våre viktigste verktøy for å avdekke sikkerhetsavvik og nesten-ulykker med formål om å førebygge før ulykka skjer.

Regelmessige vernerundar blir gjennomført på alle våre prosjekt for å avdekke forhold som kan føre til arbeidsulykker.



HMS-hjulet er grunnlaget for vårt systematiske HMS-arbeid

SJUKEFRÅVER

**VI HAR SATT OSS SOM MÅL Å HA LÅGT SJUKEFRÅVER HJÅ VÅRE
ANSATTE, UNDER 5%**

	2021	2022	2023	2024	mål for 2025
Sjukefråver Åsen og Øvrelid NV	5,35 %	3,74 %	3,72 %	5,44 %	under 5%
Sjukefråver i Bygg- og anleggsbransjen (SSB)	6,5 %	6,8 %	6,8 %	7,2 %	



Sjukefråveret i bygg- og anleggsbransjen i Noreg har vore eit viktig tema siste åra. Ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) har sjukefråveret i denne sektoren vore relativt høgt samanlikna med andre bransjer.

Desse tala inkluderer både eigenmeldinger og legemeldt sjukkefråver. Det er verdt å merke seg at fysisk krevjande arbeid og eksponering for støy og andre arbeidsmiljøfaktorar bidreg til høgre fråver i denne bransjen.

KOMPETANSEUTVIKLING

Vi er ei bedrift som ynskjer å være med å forme framtidens arbeidrarar. Det gjer vi gjennom aktiv rekruttering av unge og å satse på å bli ein attraktiv arbeidsplass for lærlingar og ingeniørstudentar.

Vi kan skilte med å kunne tilby spennande prosjekt med stor fagleg bredde.

Samarbeide med yrkesfaglege skular og NTNU for å utvikle relevante utdanningsprogram som forbereder studentar og lærlingar på ei karriere i bygg- og anleggsbransjen.




Vi har ein samarbeidsavtale med Fagskolen i Møre og Romsdal



Vi er godkjent opplæringsbedrift i Byggopp i faga:

Betongarbeidar

Tømrar



Fagskolen
Møre og Romsdal

BYGGOPP



**Åsen &
Øvrelid**



LÆRLINGAR

Det er generelt lav rekruttering til handverksfaga i Noreg, noko som fører til mangel på kvalifisert arbeidskraft


Dette påvirker både kostnader og tidsrammer for byggeprosjekter.

vi søker derfor aktivt å ta samfunnsansvar ved å bidra til å utdanne morgondagens fagarbeidarar og bidra til å dekke behovet for kvalifisert arbeidskraft.

læringer kan bli fremtidige ansatte som allereie kjenner våre verdier, rutiner og kultur.

Det er ikkje berre vi som kan lære vekk. Det å ha læringer bringer ny kunnskap og nytt perspektiv som kan forbedre arbeidsprosessane våre.

Å ha læringer styrker arbeidskrafta og organisasjonen gjennom kontinuerlig læring og utvikling.



Antal læringer i Åsen og Øvreid. Vi har som mål å ha ein lærling på betongarbeider og ein tømrrarlærling per år.

TAKK FOR OPPMERKSOMHEITA

Vi står i dag ved eit vegskille, kor våre handlingar i dag vil forme dagen for komande generasjonar.

Berekraftrapporten for 2024 viser betydelege framskritt i ei meir berekraftig retning, men også at det er mykje arbeid som gjenstår for å nå FN sine berekraftsmål.

Vi fortsetter å jobbe med våre målsetningar om å lede an i byggebransjen i grønne val og ei trygg og seriøs byggebransje.

Ta kontakt med oss



www.aasen-ovrelid.no

